



Hordaland Fylkeskommune

Etne, 20.09.2018

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Sakshandsamar:
	15/1958/18/8706	N - 256, Hist - 10/299	BEH

Stødleterrassen - framlegg til freding etter kulturminnelova § 19. 2. gangs høyringsuttale

Etne kommunestyre - 031/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes

1) Etne kommune sitt primære syn på framlegg om freding er som følgjer:

A. Etne kommune er negativ til framlegg om freding av 521 dekar på Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19. Høyringane i 2010/2011 og 2015 gir også uttrykk for stor skepsis til freding, inkl. Hordaland Fylkesutval sitt vedtak av 19.11.15. Høyringane underbygger vårt standpunkt i saka. Vi ber kulturminnestyresmaktene ta omsyn til dei lokale og regionale syna på framlegget til freding.

B. Delar av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. I praktisk forvaltning strekk kulturminneinteressene seg i dei fleste tilfelle langt utover dei freda areala, jf. kulturminnelova §§ 3 og 6. Etne kommune meiner at kulturmiljøet i området kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova, t.d. ved bruk av omsynssonar med tilhøyrande føresegner. Vi forventar at kulturminnestyresmaktene diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune i samband med det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune registrerer at framlagt fredingsområde er redusert til 521 dekar. Det blir vist til at ein såleis, i mogleg grad, gir tilslutnad til løysing skissert frå Etne kommune. Vi vil streke under at dette innspelet representerer vårt sekundære syn i saka. Der er vidare ein viktig skilnad gjennom at dei største gardstuna i vår skisse ligg utanfor fredingsområdet og er tenkt sikra ved bruk av plan- og bygningslova; vi meiner framleis dette vil gi ei tilstrekkeleg sikring her. I tillegg vil det redusere konfliktgraden oppimot berørte grunneigarar.

Vi meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Så lenge forvaltningsplanen er tatt ut av framlegget, veit vi no mindre om dei konkrete verknadane av ei ev. freding. Etne kommune ønskjer no like fullt at fredingssaka får ei avklaring hos kulturminnestyresmaktene, etter mange år med sakshandsaming og uvisse om utfallet. Vidare har ein del arbeid med formidling av kulturhistoria på Stødleterrassen blitt utsatt i påvente av fredingssaka, noko som ikkje er optimalt.



2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Vi forventar at Riksantikvaren også svarar på våre tidlegare spørsmål om heimelsgrunnlaget for fredinga, m.a. sett oppimot storleiken på fredingsområdet. Reduksjon av fredingsområdet er på same tid eit mogleg delsvår på dette innspelet. Vi syner til kart i saksframstillinga, blått areal, og meiner framleis at fredingsareal ikkje må vere større enn dette. Omliggjande areal kan sikrast gjennom bruk av omsynssoner i plan- og bygningslova.

B. Etne kommune krev at kulturminnestyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi på Stødleterrassen, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Vårt krav er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ein generell omtale av kva for samfunnsmessige verknadar ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming. Det kan etter vårt syn ikkje vere rett at det er dei berørte næringsaktørane som skal måtte nytte høyringane for å gi innspel om dei samfunnsmessige verknadane av fredinga.

D. Fredingsføresegnene bør nemne nokro fleire typar tiltak som er omfatta. Dette for å unngå mistydingar i tida fram til forvaltningsplan er godkjent. Grøfting/vedlikehaldsgrøfting i landbruket kunne t.d. vore vurdert nemnt i pkt. 1, 2 eller 6. Tiltak unntatt for byggesakshandsaming etter byggesaksforskrifta kapittel 4, t.d. forstøtningsmur, levegg, innhegning og terrasse/platting kunne vore nemnt i pkt. 2.

Føresegn nr. 5 om å ikkje lagre *reiskap eller utstyr knytt til landbruk og dyrehald* slik at det skjemmer kulturminne er open for individuell tolking og bør konkretiserast. Slik vi les punktet no, inkluderer det ikkje lagring av dyrefôr, t.d. siloballar.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 kr. årleg i øyremerkte statlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forskning, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune vil følgje opp med auka fokus på formidling og utvikling av kulturminna i området. Sidan dette arbeidet ikkje er knytt direkte til avklaringa om freding, bør det starte opp så snart som mogleg, i samarbeid med berørte partar.

F. Regelverket for erstatning eller kompensasjon grunna ekstrakostnader med byggetiltak etc. som følgje ei freding må omtalast i sluttdokumentet for saka.

G. Høyringsuttalane frå 1. gangshøyringa i 2010/2011 må leggast ved i oversendinga av saksdokumenta til Riksantikvaren. Mange av uttalane har framleis relevans, sjølv om avsendarane ikkje uttalte seg til redusert areal i 2015. Fleire grunneigarar uttalte seg negativt om freding generelt i 2011 og ligg framleis innafor det reduserte arealet. Fleire viktige næringsaktørar sakna ei utgreiing av verknadane av freding for andre samfunnsinteresser, særskilt oppimot grusressursane i området, jf. vårt pkt. 2 C.

H. Grunneigarlista i framlegg til vedtak må oppdatert grunna endringar sidan mai 2015. Alle berørte grunneigarar og høyringspartar må få kopi av Hordaland Fylkeskommune si tilråding

til Riksantikvaren i saka.

I. Etne kommune reknar med at Riksantikvaren kjem på vitjing til Etne før fredingssaka blir slutthandsama, for å ta del i opent møte om saka og synfaring på Stødleterrassen.

3) Etne kommunestyre delegerar fullmakt til ordførar og rådmann til å handtera eventuell klage og vidare oppfølging av saka.

For grunngjeving av innspela syner vi også til saksutgreiinga. Vi syner også til Etne kommune sine saksdokument frå høyringane i 2005, 2011 og 2012.

Med helsing

Beate Hetleflåt
informasjonskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	18.09.2018	044/18
Etne kommunestyre	18.09.2018	031/18

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Erik Kvalheim	N - 256, Hist - 10/299	15/1958

Stødleterrassen - framlegg til freding etter kulturminnelova § 19. 2. gangs høyringsuttale

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

1) Etne kommune sitt primære syn på framlegg om freding er som følgjer:

A. Etne kommune er negativ til framlegg om freding av 521 dekar på Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19. Høyringane i 2010/2011 og 2015 gir også uttrykk for stor skepsis til freding, inkl. Hordaland Fylkesutval sitt vedtak av 19.11.15. Høyringane underbygger vårt standpunkt i saka. Vi ber kulturminnestyresmaktene ta omsyn til dei lokale og regionale syna på framlegget til freding.

B. Delar av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. I praktisk forvaltning strekk kulturminneinteressene seg i dei fleste tilfelle langt utover dei freda areala, jf. kulturminnelova §§ 3 og 6. Etne kommune meiner at kulturmiljøet i området kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova, t.d. ved bruk av omsynssonar med tilhøyrande føresegner. Vi forventar at kulturminnestyresmaktene diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune i samband med det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune registrerer at framlagt fredingsområde er redusert til 521 dekar. Det blir vist til at ein såleis, i mogleg grad, gir tilslutnad til løysing skissert frå Etne kommune. Vi vil streke under at dette innspelet representerer vårt sekundære syn i saka. Der er vidare ein viktig skilnad gjennom at dei største gardstuna i vår skisse ligg utanfor fredingsområdet og er tenkt sikra ved bruk av plan- og bygningslova; vi meiner framleis dette vil gi ei tilstrekkeleg sikring her. I tillegg vil det redusere konfliktgraden oppimot berørte grunneigarar.

Vi meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Så lenge forvaltningsplanen er tatt ut av framlegget, veit vi no mindre om dei konkrete verknadane av ei ev. freding. Etne kommune ønskjer no like fullt at fredingssaka får

ei avklaring hos kulturminnestyresmaktene, etter mange år med sakshandsaming og uvisse om utfallet. Vidare har ein del arbeid med formidling av kulturhistoria på Stødleterrassen blitt utsatt i påvente av fredingssaka, noko som ikkje er optimalt.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Vi forventar at Riksantikvaren også svarar på våre tidlegare spørsmål om heimelsgrunlaget for fredinga, m.a. sett oppimot storleiken på fredingsområdet. Reduksjon av fredingsområdet er på same tid eit mogleg delsvar på dette innspelet. Vi syner til kart i saksframstillinga, blått areal, og meiner framleis at fredingsareal ikkje må vere større enn dette. Omliggjande areal kan sikrast gjennom bruk av omsynssoner i plan- og bygningslova.

B. Etne kommune krev at kulturminnestyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi på Stødleterrassen, for å auke kunnskapsgrunlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Vårt krav er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ein generell omtale av kva for samfunnsmessige verknadar ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming. Det kan etter vårt syn ikkje vere rett at det er dei berørte næringsaktørane som skal måtte nytte høyringane for å gi innspel om dei samfunnsmessige verknadane av fredinga.

D. Fredingsføresegnene bør nemne nokro fleire typar tiltak som er omfatta. Dette for å unngå mistydingar i tida fram til forvaltningsplan er godkjent. Grøfting/vedlikehaldsgrøfting i landbruket kunne t.d. vore vurdert nemnt i pkt. 1, 2 eller 6. Tiltak unntatt for byggesakshandsaming etter byggesaksforskrifta kapittel 4, t.d. forstøtningsmur, levegg, innhegning og terrasse/platting kunne vore nemnt i pkt. 2. Føresegn nr. 5 om å ikkje lagre *reiskap eller utstyr knytt til landbruk og dyrehald* slik at det skjemmer kulturminne er open for individuell tolking og bør konkretiserast. Slik vi les punktet no, inkluderer det ikkje lagring av dyrefôr, t.d. siloballar.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 kr. årleg i øyremerkte statlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forskning, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune vil følgje opp med auka fokus på formidling og utvikling av kulturminna i området. Sidan dette arbeidet ikkje er knytt direkte til avklaringa om freding, bør det starte opp så snart som mogleg, i samarbeid med berørte partar.

F. Regelverket for erstatning eller kompensasjon grunna ekstrakostnader med byggetiltak etc. som følgje ei freding må omtalast i sluttdokumentet for saka.

G. Høyringsuttalane frå 1. gangshøyringa i 2010/2011 må leggest ved i oversendinga av saksdokumenta til Riksantikvaren. Mange av uttalane har framleis relevans, sjølv om avsendarane ikkje uttalte seg til redusert areal i 2015. Fleire grunneigarar uttalte seg negativt om freding generelt i 2011 og ligg framleis innafør det reduserte arealet. Fleire viktige næringsaktørar sakna ei utgreiing av verknadane av freding for andre samfunnsinteresser, særskilt oppimot grusressursane i området, jf. vårt pkt. 2 C.

H. Grunneigarlista i framlegg til vedtak må oppdatert grunna endringar sidan mai 2015. Alle berørte grunneigarar og høyringspartar må få kopi av Hordaland Fylkeskommune si tilråding til Riksantikvaren i saka.

I. Etne kommune reknar med at Riksantikvaren kjem på vitjing til Etne før fredingssaka blir slutthandsama, for å ta del i opent møte om saka og synfaring på Stødleterrassen.

For grunngjeving av innspela syner vi også til saksutgreiinga. Vi syner også til Etne kommune sine saksdokument frå høyringane i 2005, 2011 og 2012.

18.09.2018 Formannskap

F- 044/18 Vedtak:

TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samrøystes

1) Etne kommune sitt primære syn på framlegg om freding er som følgjer:

A. Etne kommune er negativ til framlegg om freding av 521 dekar på Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19. Høyringane i 2010/2011 og 2015 gir også uttrykk for stor skepsis til freding, inkl. Hordaland Fylkesutval sitt vedtak av 19.11.15. Høyringane underbygger vårt standpunkt i saka. Vi ber kulturminnestyresmaktene ta omsyn til dei lokale og regionale syna på framlegget til freding.

B. Delar av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. I praktisk forvaltning strekk kulturminneinteressene seg i dei fleste tilfelle langt utover dei freda areala, jf. kulturminnelova §§ 3 og 6. Etne kommune meiner at kulturmiljøet i området kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova, t.d. ved bruk av omsynssonar med tilhøyrande føresegner. Vi forventar at kulturminnestyresmaktene diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune i samband med det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune registrerer at framlagt fredingsområde er redusert til 521 dekar. Det blir vist til at ein såleis, i mogleg grad, gir tilslutnad til løysing skissert frå Etne kommune. Vi vil streke under at dette innspelet representerer vårt sekundære syn i saka. Der er vidare ein viktig skilnad gjennom at dei største gardstuna i vår skisse ligg utanfor fredingsområdet og er tenkt sikra ved bruk av plan- og bygningslova; vi meiner framleis dette vil gi ei tilstrekkeleg sikring her. I tillegg vil det redusere konfliktgraden oppimot berørte grunneigarar.

Vi meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Så lenge forvaltningsplanen er tatt ut av framlegget, veit vi no mindre om dei

konkrete verknadane av ei ev. freding. Etne kommune ønskjer no like fullt at fredingssaka får ei avklaring hos kulturminnestyresmaktene, etter mange år med sakshandsaming og uvisse om utfallet. Vidare har ein del arbeid med formidling av kulturhistoria på Stødleterrassen blitt utsatt i påvente av fredingssaka, noko som ikkje er optimalt.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Vi forventar at Riksantikvaren også svarar på våre tidlegare spørsmål om heimelsgrunnlaget for fredinga, m.a. sett oppimot storleiken på fredingsområdet. Reduksjon av fredingsområdet er på same tid eit mogleg delsvar på dette innspelet. Vi syner til kart i saksframstillinga, blått areal, og meiner framleis at fredingsareal ikkje må vere større enn dette. Omliggjande areal kan sikrast gjennom bruk av omsynssover i plan- og bygningslova.

B. Etne kommune krev at kulturminnestyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi på Stødleterrassen, for å auka kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Vårt krav er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ein generell omtale av kva for samfunnsmessige verknadar ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming. Det kan etter vårt syn ikkje vere rett at det er dei berørte næringsaktørane som skal måtte nytte høyringane for å gi innspel om dei samfunnsmessige verknadane av fredinga.

D. Fredingsføresegnene bør nemne nokro fleire typar tiltak som er omfatta. Dette for å unngå mistydingar i tida fram til forvaltningsplan er godkjent. Grøfting/vedlikehaldsgrøfting i landbruket kunne t.d. vore vurdert nemnt i pkt. 1, 2 eller 6. Tiltak unntatt for byggesakshandsaming etter byggesaksforskrifta kapittel 4, t.d. forstøtningsmur, levegg, innhegning og terrasse/platting kunne vore nemnt i pkt. 2. Føresegn nr. 5 om å ikkje lagre *reiskap eller utstyr knytt til landbruk og dyrehald* slik at det skjemmer kulturminne er open for individuell tolking og bør konkretiserast. Slik vi les punktet no, inkluderer det ikkje lagring av dyrefôr, t.d. siloballar.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 kr. årleg i øyremerkte statlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forskning, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune vil følgje opp med auka fokus på formidling og utvikling av kulturminna i området. Sidan dette arbeidet ikkje er knytt direkte til avklaringa om freding, bør det starte opp så snart som mogleg, i samarbeid med berørte partar.

F. Regelverket for erstatning eller kompensasjon grunna ekstrakostnader med byggetiltak etc. som følgje ei freding må omtalast i sluttdokumentet for saka.

G. Høyringsuttalane frå 1. gangshøyringa i 2010/2011 må leggest ved i oversendinga av saksdokumenta til Riksantikvaren. Mange av uttalane har framleis relevans, sjølv om avsendarane ikkje uttalte seg til redusert areal i 2015. Fleire grunneigarar uttalte seg negativt om freding generelt i 2011 og ligg framleis innafor det reduserte arealet. Fleire viktige næringsaktørar sakna ei utgreiing av verknadane av freding for andre samfunnsinteresser, særskilt oppimot grusressursane i området, jf. vårt pkt. 2 C.

H. Grunneigarlista i framlegg til vedtak må oppdatert grunna endringar sidan mai 2015. Alle berørte grunneigarar og høyringspartar må få kopi av Hordaland Fylkeskommune si tilråding til Riksantikvaren i saka.

I. Etne kommune reknar med at Riksantikvaren kjem på vitjing til Etne før fredingssaka blir slutthandsama, for å ta del i opent møte om saka og synfaring på Stødleterrassen.

For grunngeving av innspela syner vi også til saksutgreiinga. Vi syner også til Etne kommune sine saksdokument frå høyringane i 2005, 2011 og 2012.

18.09.2018 Etne kommunestyre

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) fremja følgjande tilleggsframlegg:

"3) Etne kommunestyre delegerar fullmakt til ordførar og rådmann til å handtera eventuell klage og vidare oppfølging av saka."

RØYSTING

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

K- 031/18 Vedtak:

Samrøystes

1) Etne kommune sitt primære syn på framlegg om freding er som følgjer:

A. Etne kommune er negativ til framlegg om freding av 521 dekar på Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19. Høyringane i 2010/2011 og 2015 gir også uttrykk for stor skepsis til freding, inkl. Hordaland Fylkesutval sitt vedtak av 19.11.15. Høyringane underbygger vårt standpunkt i saka. Vi ber kulturminnestyresmaktene ta omsyn til dei lokale og regionale syna på framlegget til freding.

B. Delar av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. I praktisk forvaltning strekk kulturminneinteressene seg i dei fleste tilfelle langt utover dei freda areala, jf. kulturminnelova §§ 3 og 6. Etne kommune meiner at kulturmiljøet i området kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova, t.d. ved bruk av omsynssonar med tilhøyrande føresegner. Vi forventar at kulturminnestyresmaktene diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune i samband med det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune registrerer at framlagt fredingsområde er redusert til 521 dekar. Det blir vist til at ein såleis, i mogleg grad, gir tilslutnad til løysing skissert frå Etne kommune. Vi vil streke under at dette innspelet representerer vårt sekundære syn i saka. Der er vidare ein viktig skilnad gjennom at dei største gardstuna i vår skisse ligg utanfor fredingsområdet og er tenkt sikra ved bruk av plan- og bygningslova; vi meiner framleis dette vil gi ei tilstrekkeleg

sikring her. I tillegg vil det redusere konfliktgraden oppimot berørte grunneigarar. Vi meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Så lenge forvaltningsplanen er tatt ut av framlegget, veit vi no mindre om dei konkrete verknadane av ei ev. freding. Etne kommune ønskjer no like fullt at fredingssaka får ei avklaring hos kulturminnestyresmaktene, etter mange år med sakshandsaming og uvisse om utfallet. Vidare har ein del arbeid med formidling av kulturhistoria på Stødleterrassen blitt utsatt i påvente av fredingssaka, noko som ikkje er optimalt.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

- A. Vi forventar at Riksantikvaren også svarar på våre tidlegare spørsmål om heimelsgrunnlaget for fredinga, m.a. sett oppimot storleiken på fredingsområdet. Reduksjon av fredingsområdet er på same tid eit mogleg delsvår på dette innspelet. Vi syner til kart i saksframstillinga, blått areal, og meiner framleis at fredingsareal ikkje må vere større enn dette. Omliggjande areal kan sikrast gjennom bruk av omsynssoner i plan- og bygningslova.
- B. Etne kommune krev at kulturminnestyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi på Stødleterrassen, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.
- C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Vårt krav er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ein generell omtale av kva for samfunnsmessige verknadar ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming. Det kan etter vårt syn ikkje vere rett at det er dei berørte næringsaktørane som skal måtte nytte høyringane for å gi innspel om dei samfunnsmessige verknadane av fredinga.
- D. Fredingsføresegnene bør nemne nokro fleire typar tiltak som er omfatta. Dette for å unngå mistydingar i tida fram til forvaltningsplan er godkjent. Grøfting/vedlikehaldsgrøfting i landbruket kunne t.d. vore vurdert nemnt i pkt. 1, 2 eller 6. Tiltak unntatt for byggesakshandsaming etter byggesaksforskrifta kapittel 4, t.d. forstøtningsmur, levegg, innhegning og terrasse/platting kunne vore nemnt i pkt. 2. Føresegn nr. 5 om å ikkje lagre *reiskap eller utstyr knytt til landbruk og dyrehald* slik at det skjemma kulturminne er open for individuell tolking og bør konkretiserast. Slik vi les punktet no, inkluderer det ikkje lagring av dyrefôr, t.d. siloballar.
- E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 kr. årleg i øyremerkte statlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forskning, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune vil følgje opp med auka fokus på formidling og utvikling av kulturminna i området. Sidan dette arbeidet ikkje er knytt direkte til avklaringa om freding, bør det starte opp så snart som mogleg, i samarbeid med berørte partar.

F. Regelverket for erstatning eller kompensasjon grunna ekstrakostnader med byggetiltak etc. som følgje ei freding må omtalast i sluttdokumentet for saka.

G. Høyringsuttalane frå 1. gangshøyringa i 2010/2011 må leggast ved i oversendinga av

saksdokumenter til Riksantikvaren. Mange av uttalene har framleis relevans, sjølv om avsendarane ikkje uttalte seg til redusert areal i 2015. Fleire grunneigarar uttalte seg negativt om freding generelt i 2011 og ligg framleis innfor det reduserte arealet. Fleire viktige næringsaktørar sakna ei utgreiing av verknadane av freding for andre samfunnsinteresser, særskilt oppimot grusressursane i området, jf. vårt pkt. 2 C.

H. Grunneigarlista i framlegg til vedtak må oppdatert grunna endringar sidan mai 2015. Alle berørte grunneigarar og høyringspartar må få kopi av Hordaland Fylkeskommune si tilråding til Riksantikvaren i saka.

I. Etne kommune reknar med at Riksantikvaren kjem på vitjing til Etne før fredingssaka blir slutthandsama, for å ta del i opent møte om saka og synfaring på Stødleterrassen.

3) Etne kommunestyre delegerar fullmakt til ordførar og rådmann til å handtera eventuell klage og vidare oppfølging av saka.

For grunngjeving av innspela syner vi også til saksutgreiinga. Vi syner også til Etne kommune sine saksdokument frå høyringane i 2005, 2011 og 2012.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Hordaland fylkeskommune v/ kulturseksjonen (HFK) sendte 28.02.18 justert framlegg til freding av delar av Stødleterrassen på ny 2. gangshandsaming til Etne kommune. Første høyringsrunde i 2010/2011 var for eit areal på 917 dekar. På bakgrunn av innkomne merknadar reduserte HFK arealet til 521 dekar, og saka blei sendt til Riksantikvaren for slutthandsaming. Fordi framlagt areal var monaleg redusert, sendte Riksantikvaren saka tilbake til HFK i 2013 med krav om ny høyring. Ny 1. gangshøyring var i 2015.

Meir om bakgrunn for saka og føreliggande høyringsrunde i vedlagt brev frå HFK. Sitat frå omtale av høyringsrunden: *Det er særleg teke omsyn til tidlegare merknad frå Etne kommune, som tek opp i seg og målber fleire synspunkt frå lokalsamfunnet. Det er gjort endringar i føresegnene i forslaget, for å kome tidligare høyringsinnspel i møte. Det er også funne rett å ikkje legge fram Forvaltingsplan no, men i staden la dei involverte partane på Stødleterrassen utarbeide denne saman, i ei oppfølging til fredinga.*


I den nye 1. gangshandsaminga i 2015 kom der inn 8 merknadar, frå:

1. Etne kommune (kommunestyrevedtak)
2. Statens Vegvesen
3. Hordaland fylkeskommune (vedtak i Fylkesutvalet)
4. Fikse Næringsutvikling
5. Etne Sand & Pukk AS (ved Asplan VIAK)
6. Åsbø Sanddrift AS (ved Norconsult)

7. Johannes og Anita Sørheim Hundseid, gnr. 36 bnr. 10
8. Tove og Andreas Aune, gnr. 36 bnr. 4

Etne kommune sitt innspel i 2015 var å gjenta vedtaket frå opphavleg 2. gangshøyring i 2012; dette fordi desse innspela ikkje var skriftleg vurdert og kommentert av HFK. Vi gjentok vårt grunnsyn om at Etne kommune er negative til freding. Jf. kulturminnelova § 22.3 skal kommunen få framlagt resultatane av 1. gangshøyringa for ei 2. gangshøyring. Vi har fått utsatt frist til 25.09.18 med å sende inn vår uttale. Deretter vil HFK gjere sine siste vurderingar og sende si tilråding vidare til Riksantikvaren. Riksantikvaren sitt vedtak kan pålagast til Klima- og miljødepartementet. Fredingsvedtak blir tinglyst.

Som vedlegg følgjer også HFK sitt framlegg til vedtak om freding. Dokumentet inneheld liste over berørte grunneigarar/bruk, kart, føremålet med fredinga, fredingsføresegner, omtale av følgjer av fredinga, karakteristikk og vurdering av kulturminnet, grunngiving av vedtaket, bakgrunn for fredinga mm. Vi syner til vedlegget, men kopierer inn kartet:




Over: HFK sitt framlegg til fredingsområde på Stødleterrassen (30.04.15), 521 dekar.

Problemstilling

Utgreiingsområdet ved oppstarten av fredingssaka var på 1100 dekar. Dette tilsvarer den

raude ytterstreken på kartet nedanfor. Vi fekk i i samband med høyringa i 2005 melding om at heile dette området skulle forvaltast som om det var freda, inntil vi veit kor mykje som blir freda. Ulike søknadar om tiltak og frådeling er sidan den gong sendt på høyring til HFK før avgjerd. Etne kommune spelte i høyringa i 2005 inn eit kart med framlegg til område som kunne forvaltast etter plan- og bygningslova (inkl. område som kunne utgå frå planen eller få omsynssone, hhv. grønt og rosa areal under) og eit kjerneområde (blått) der bruk av plan- og bygningslova og kulturminnelova måtte «utgreiast nærare, men der kulturminnelova ikkje skal nyttast til meir enn det som er naudsynt rundt kulturminna». Kartet blei gjentatt i høyringa i 2011. Det er m.a. dette innspelet HFK syner til i saka no, når dei seier at deira justerte framlegg bygger på innspel frå Etne kommune. Hovudskilnaden mellom karta ligg i området ved gardstuna på Stødle og Sørheim og austover mot grustaket til Åsbø Sanddrift. I tillegg er det viktig å minne om at kartet representerer vårt sekundære syn i saka.



Over: Innspelet frå kommunen sin uttale i 2011. Utgreiingsområdet tilsvarar raud strek ytst. Freda kulturminne er vist med blå R. I ettertid er det kome til nye freda kulturminne rett vest for driftsbygninga på 36/12,14 (Vidar Sørheim) og på Austrheim på 37/1 (Håvard Østrem).

I dei siste åra har der vore fleire søknader om tiltak i oppstartområdet, som har blitt synfart/undersøkt og godkjent av HFK, t.d. riving av gamlehuset på Stødle på g.nr/b.nr 35/4,

bygging av halvtak på driftsbygning på 35/2, tilbygg på driftsbygning på 36/11 på Sørheim, to delingssaker på 36/11 (tomter med bustad) og ny garasje på 36/33. Såleis fungerer systemet bra i dag. Reglar for omsynssoner vil kunne formalisere dette ytterlegare og seie meir om føremål, søknadsplikt og sakshandsaming etc. Søknaden om bygging av bustadhus på 35/10 (Oppedalsaka), som blei stoppa gjennom vedtak om midlertidig freding i år 2000, fekk også si handsaming etter gjeldande lovverk. Området blei sett i stand av grunneigar for nokre år sidan, m.a. i samråd med HFK om areala rundt gravhaugen Olahaugen.

Med 521 dekar i justert framlegg til freding er området redusert med 53 % i høve til utgreiingsområdet på 1100 dekar. HFK seier dette er eit minimumsareal, dersom føremålet med fredinga skal ivaretakast. Sitat frå vedlegg: *Formålet med områdefredinga er å bevare verknaden av dei automatisk freda kulturminna i miljøet, ved å oppretthalda samanhengen mellom dei og landskapet dei ligg i og ta vare på Stødleterrassen som naturformasjon og kulturlandskap. Vidare skal fredinga sikra dei vitenskaplege interessene som knyt seg til dei automatisk freda kulturminna og ivareta kjeldeverdien som ligg skjult i marka.*

Med omsyn til bygningsmassen på gardstun og bustadeigedomar, fører freding etter § 19 ikkje til vern av bygningane i seg sjølv. Like fullt er grunneigarar og kommunen redd for auka detaljstyring og byråkrati ved søknader om nye tiltak. Der er ein generell uvisse og skepsis til kva verknadar ei freding vil få for framtidig gardsdrift og forvaltning etc. Det er eit paradoks at massetaka, som er årsak til at fredingssaka starta opp, blir liggjande igjen utanfor fredingsområdet, medan det er grunneigarane innom som får merke verknadane av fredinga. Sjølv om det er forsvunne og frigjort mange kulturminne på Stødle-/Sørheimsterrassen tidlegare, har det dei seinare åra vore få konflikhtar. På Austrheim, der det pågår reguleringsarbeid for utviding av massetaka, ser det ut som at kulturminna som blei funne i 2016 vil bli frigjort grunna store næringsinteresser. Dette kan gi Etne Sand & Pukk 10-15 år med vidare drift, litt mindre for Åsbø Sanddrift, med dagens uttaksvolum (vestre del av planområdet ligg på Sørheim).

Sitat frå HFK sitt vedlegg, om følgjer av fredinga: *Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg skjøtsel og vedlikehald, jf. kulturminnelova § 19 tredje ledd. Dette gjeld ikkje dei tiltaka som i føresegnene ovanfor er tillatne utan dispensasjon. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen, som avgjer om tiltaket kan iverksetjast, evt. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som krev slik søknad, skal fylkeskommunen sameleis kontaktast. Fredinga skal ikkje føre til vesentlege endringar i driftsform og virke. Stødleterrassen er først og fremst eit landbrukslandskap – og det er det landskapsbiletet som ein ønskjer å ta vare på. Vidare drift er i tråd med, og ønskjeleg, i høve til formålet med fredinga.*



Over: Flyfoto av Stødleterrassen sett frå vest (Espen Mills 2009).

HFK sin gjennomgang av merknadane frå høyringa i 2015 er vedlagt; kvart høyringsinnspel er gjengitt i resymè, og kvart delinnspel er gitt ei vurdering og ein konklusjon om kor vidt det fører til justering av framlegget (dei fleste gjer ikkje det). Kommunen sitt saksdokument frå 2012 er vedlagt, dei andre 7 merknadane ligg på linken http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_etne/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=201501958&

Vi legg også ved kommunen sine saksdokument frå høyringane i 2011 og 2005, og HFK sin kulturminnedokumentasjon frå 2011, ikkje så mykje for at det er naudsynt å lese dette no, men meir for å vise at dei ligg føre. Det er ikkje mogleg å ta opp igjen alle moment som er spelt inn eller omtalt tidlegare, derfor er dokumenta våre framleis relevante. T.d. er det i saksutgreiinga frå 2005 sagt ein del om positive verknadar ved ei freding i høve til status, formidling, verdiskaping, turisme etc. Her er potensialet stort og til dels unytta. Mykje kan naturlegvis gjerast også utan freding, men auka status vil t.d. lettare kunne gi oppfølging frå styresmaktene o.a. vedrørande medverknad, økonomi mm. På same tid har ei freding verknadar for landbruket, grunneigarar, næringsliv og kommune, slik det kjem fram i høyringane. Stødleterrassen er i dag prega av intensivt landbruk, så positive verknadar av ei freding vil i stor grad gagne andre enn grunneigarane, t.d. handels- og reiselivsnæringa.

Vurdering

Rådmannen si vurdering baserer seg på vedtaket vårt frå 2015, limt inn punktvis nedanfor. Kvart punkt gis ei ny vurdering, m.a. basert på HFK sine merknadar vedlagt. Punkta blir så oppdatert i høve dette og andre omsyn, ev. med naudsynte tillegg. Den justerte teksten representerer rådmannen si tilråding i saka, pluss nokre nye punkt (2 G-I). Det er lagt vekt på at tilrådinga skal vere mest mogleg sjølvforklarande og grunngitt, men vi syner også til saksutgreiinga, og tidlegare uttalar.

Kommunestyresak 066/15.

Etne kommune registrerar at justert framlegg til fredingsområde på Stødleterrassen er redusert til 521 dekar. Kommunen si uttale frå 2. gangshøyringa i 2012, kommunestyresak 003/12, er ikkje kommentert i detalj av Hordaland Fylkeskommune, verken i

oversendingsbrevet til Riksantikvaren 08.01.13 eller i samband med ny høyring. Etne kommune ønskjer å vente med å gi sitt endeleg syn på nytt verneframlegg til ny 2. gangshøyring i kommunen, slik at vi først kan sjå kva berørte grunneigarar, organisasjonar, næringsliv o.a. meiner om framlegget. I denne omgang nyttar vi høve til å gjenta vår uttale frå 2012. Vi krev at denne vert kommentert punktvis før 2. gangshandsaminga. Inntil vidare står såleis vårt grunnsyn ved lag, om at Etne kommune er negative til freding.

Kommentar: Merknadane våre frå 2012 er kommentert av HFK heilt bakerst i vedlegget.


Kommunestyrevedtak 003/12:

1) A. Etne kommune stadfester at vi er negative til freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova. Høyringa i 2011 gir også uttrykk for stor skepsis til framlegget, inkl. Fylkesutvalet sitt vedtak av 24.8.11. Høyringa underbygger vårt standpunkt i saka, og vi ber Riksantikvaren ta omsyn til dei lokale syna på fredinga.

Kommentar: Kommunen sin uttale i 2012 var basert på framlegget om freding av 917 dekar. Etter ei ny vurdering av saka er rådmannen framleis negativ til freding. HFK viser til at der var færre merknadar i 2015 enn i førre runde (9 mot 21) og færre frå grunneigarar (2 mot 8), og at dette tyder på at innspellet frå kommunen har «har hatt gjennomslag, og har fungert harmoniserande». Rådmannen meiner det kan vere mange grunnar til at ein får inn færre merknadar, og at ein ikkje kan trekke klare konklusjonar ut av det. Tal berørte partar er mindre grunna redusert areal. Nokre grunneigarar sit på små tomter eller har bygd ut det dei treng, og ventar kanskje ikkje store problem med ei freding. Framleis gav to av dei 4 største gardsbruka uttale. I svar til merknadar frå Tove og Andreas Aune og Fikse Næringsutvikling, om at freding vil gi auka byråkrati og lokal frustrasjon/uvisse om utviklinga, seier HFK, ved å vise til at berre 2 av 16 grunneigarar uttalte seg i 2015, at innspela ikkje synast å ha sterk forankring. Rådmannen meiner dette er feil. Eigarar på 3 andre bruk gav liknande innspel i 2010, moglegvis såg dei at dei ikkje blei høyrte og gav opp. Vi trur ikkje dei har skifta meining. Hovudsynet er framleis at der er stor skepsis og ei negativ haldning til freding.

B. Mykje av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. Etne kommune meiner at Plan- og bygningslova gir gode virkemidlar for å sikre andre kulturminneinteressar i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Vi forventar at Riksantikvaren diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune, t.d. i høve til det komande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

Kommentar: Det er rett som HFK seier at det ikkje er veldig store freda areal markert på kart. Poenget vårt var meir at i praktisk forvaltning vil store areal, i tillegg til dei automatisk freda areala, falle innfor kulturminnelova sitt virkeområde, jf. § 6 om sikringssonar og § 3 om at det er ulovleg å utilbørlig skjemma eit kulturminne. Sikringssonar er ikkje avgrensa til 5 m, men gjeld området rundt kulturminne sin «synlige eller kjente ytterkant så langt det er nødvendig for å verne det mot tiltak som nevnt i § 3 første ledd. Området fastsettes særskilt av vedkommende myndighet etter loven». Dei fleste kulturminna på Stødleterrassen er av særskilt høg verdi, noko som tyder at sikringssonene i praksis blir relativt store. Kulturminna på terrassen er også nokolunde jamt spreidd utover, jf. kart under; dermed er der mindre areal som ikkje fell inn under sikringssonar i praksis. Potensialet for nye funn kjem i tillegg.



Over: Automatisk freda kulturminne innan utgreiingsområdet og området som inngår i framlegg til freding. Kjelde: Kulturminnesøk. I tillegg er område sør og nord for Stødle kyrkje mellombels freda (år 2000).

Rådmannen meiner at kulturmiljøet i området kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova i kommuneplanens arealdel, t.d. ved bruk av omsynssonar med tilhøyrande føresegner. Riksantikvaren har publisert ein rettleiar (revidert i 2016), som kan nyttast i dette arbeidet, i samråd med kulturminnestyresmaktene. Kommuneplanens arealdel kan også påklagast av dei same styresmaktene, dersom dei ikkje er nøgde med løysingane. I tillegg vil sjølvsgagt kulturminnelova gjelde på vanleg måte; her er også t.d. virkemidlar for å vedlikehalde kulturminne i § 11, dersom dette skulle bli naudsynt (ei sak på 36/4 er omtalt i tidlegare uttale). Link til nemnte rettleiar:

<https://www.riksantikvaren.no/Aktuelt/Forvaltningsnytt/Ny-utgave-av-veileder-i-planlegging-etter-plan-og-bygningsloven>

C. Etne kommune meiner verneprosessen diverre har vore mindre god i høve til reell medverknad. Med reell medverknad har vi frå lokalt hald meint at vi via god dialog får gjennomslag for delar av innspela våre. Høyringa stadfester at få av innspela blir tekne omsyn til, anna enn einskildpunkt i forvaltningsplanen. Vi meiner framleis at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Vi forventar ein større reell medverknad i den vidare kontakten med kulturstyresmaktene.

Kommentar: Lokale høyringsinnspel har altså no ført til ein reduksjon av framlagt fredingsareal. Det er ein stor prosentvis reduksjon (396 dekar = 43 %), så HFK har her lytta til lokale innspel. Sidan forvaltningsplanen er utsett, veit vi ikkje kor mykje gjennomslag vi ev. vil få her. Vi har gitt detaljerte innspel til dette arbeidet tidlegare.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Våre spørsmål og innspel vedrørende heimelsgrunnlaget for fredinga og storleiken på fredingsområdet er ikkje gitt ei grundig vurdering i oppsummeringa av høyringa, og svaret er for lite grunngitt i høve til våre detaljerte spørsmål, døme og vising til faglitteratur mm. Vi forventar at Riksantikvaren går djupare inn i spørsmåla.

Kommentar: HFK meiner at deira framlegg til vedtak er i tråd med forvaltningslova og krav til grunngiving av einskildvedtak. Vi har gitt grundige innspel om dette tidlegare, som Riksantikvaren må gi si vurdering av. Spørsmåla er m.a. basert på litteratur om kulturminnevern utgitt av Økokrim i år 2000, der Jørn Holme (no Riksantikvar) var redaktør. HFK seier kulturminnelova § 19 ikkje har grenser på areal og syner til Vingen Helleristningsområde på 1700 dekar. Rådmannen har tidlegare nemnt andre døme. Vi kjenner ikkje detaljane for Vingen, men etter det vi kan sjå er arealet i statleg eige (Bergen Museum) og var del av eit 5000 dekar stort landskapsvernområde frå 1980 då det blei freda i 2002. Det er blant dei største helleristningfelt i Nord-Europa med rundt 2000 figurar. Delfelta ligg ganske samla i to områder, så storparten av fredingsarealet er fjord- og fjellandskapet rundt, mest utmark. Kor sammenlignbart det er med Stødleterrassen er vi usikre på, men vi vil tru alle saker må vurderast individuelt, både vedrørende behov for freding, areal, kva for andre virkemidlar som finst for sikring mm. Jf. våre innspel på kart og bruk av omsynssoner for omliggjande areal.


B. Etne kommune krev at kulturstyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

Kommentar: HFK spør om heimel for vårt krav, og i kva grad det høyrer heime i førebuing til freding. Dei tek synpunktet med vidare i arbeidet, jf. også Hordaland Fylkesutvalg sitt høyringsinnspel pkt. 4 om å satse på formilding og utvikling av kulturminna i området. Vårt poeng var å auke kunnskapsgrunnlaget for fredingssaka, inkl. spørsmål om storleik på areal. Jf. også føremålet med freding knytt til vitskapelege interesser av kjeldeverdiar skjult i marka. I tillegg bør eit slikt tiltak vere overkommeleg reint praktisk og økonomisk, sidan teknologien finst, både bakkeutstyr og ved bruk av satellitt og flyfoto etc. Vi vil på same tid nemne at ei undersøking vil kunne avdekka funn utanfor framlagt fredingsområde, men innanfor utgreiingsområdet, med den følgje at meir areal ville blitt aktuelt for freding.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilrekkeleg utgreidd. Kravet er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ei generell omtale av kva for samfunnsmessige verknader ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming.

Kommentar: HFK syner til høyringsrundene, at alle partar har fått seie sitt og at grunnlaget for avgjerd er tilstrekkeleg. Det er vist til omtale av merknad frå Fikse Næringsutvikling. (Åsbø Sanddrift m.fl. er innom same tema). HFK viser til at Miljøverndepartementet i motsegnsaka for reguleringsplan på Sørheim i 2001 sa at masseuttak utover vedteke areal ikkje ville vere i tråd med nasjonale interesser. HFK ser derfor ikkje behov for å greie ut temaet. Rådmannen synast det er rart at det er høyringspartene som må kome med innspel om verknadane av freding, og at

forslagsstillar slepp å greie ut dette. I andre saker er det t.d. vanleg å seie noko om kva økonomiske følgjer saka har. I nemnte regulerings sak på Sørheim kom der via innspel frå kommunen, næringa, organisasjonar og etatar inn ein del informasjon om ressursane, verdiskaping, o.l., så noko underlag hadde ein. På den anna side er det snakk om eit større areal med ressursar no enn den gang. Åsbø Sanddrift gav i 2015 innspel til kommuneplanens arealdel om at nye areal vestover på Sørheim bør bli reservert for massetak. Sidan framlagte fredingsgrense ligg noko vest for grensa til dagens massetak, kan det opne for spørsmål om det er mogleg å få tatt ut noko meir massar innimellom her (jf. høyringsinnspel på kart frå Norconsult på vegne av Åsbø), eller i det minste slake ut skråningane for å lette framtidig jordbruksdrift, noko som har vore ønska tidlegare. Etne Sand & Pukk har på si side gitt uttrykk for at dei no regulerer for å setje ei endeleg grense for uttak på Austrheim:



Over: Framlegg til reguleringsplan Austrheim II, gul skravur syner 30 daa nytt massetak, om lag 1,1-1,3 mill. m³, kor av 0,2 mill. til Åsbø Sanddrift. Svart skravur = plan for ny E 134.

D. Verneføresegnene skal formulerast i eit langsiktig perspektiv og må være tilrekkeleg fleksible, slik at dei både tar omsyn til dei ulike eigarane sine framtidige behov og til formålet med fredinga (kjelde: St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner kapt. 4.2.4). Dette må også gjelde reglane i forvaltningsplanen. Planen må vere ferdig før freding blir avgjort.

Kommentar: Føresegnene er forsøkt forenkla i høve til tidlegare og tilpassa Riksantikvaren sine malar. For å unngå mistydingar inntil forvaltningsplanen er utarbeidd meiner rådmannen at reglane bør vere så konkrete som mogleg, sjå tilrådinga. Grøfting er eit vanleg tiltak i landbruket som kunne vore nemnt. Lister over mindre tiltak som ikkje treng byggesakshandsaming etter byggesaksforskrifta (dersom i tråd med plan) er omfattande, så nokre fleire aktuelle tiltak kunne vore nemnt, for syns skuld. Sidan det i pkt. 5 står om reiskap eller utstyr, les vi det slik at dyrefôr, t.d. siloballar, ikkje er inkludert.

Det er positivt at utviding av kyrkjegarden og parkeringsplassen ved Stødle kyrkje er lagt inn i føresegn nr. 2. Vi har grunnleggjande behovet for auka parkeringsbehov i tidlegare innspel; dagens plass er for liten til å dekke opp ved større arrangement. Ny parkeringsplass og utviding av gravlundene mot nord (areal med tidlegare sandtak) er spelt inn til kommuneplanens arealdel; vi ser ikkje for oss at det trengst reguleringsplan i tillegg.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 årleg i øyremerkte offentlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forskning, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Vi føreset tilsvarande at Hordaland Fylkeskommune følgjer opp i høve til eigne prioriteringar av økonomi og personalressursar. Med basis i Fylkesdelplan for museum i Hordaland 2011-2015 må det saman med Bergen Museum arbeidast for å få originale fornfunn, inkl. funn frå Stødleterrassen, tilbake til Etne kommune/Skakkesenteret for utstilling og ev. deponi. Dette er i tråd med vårt innspel til nemnte plan.

Kommentar: HFK seier at freding etter § 19 i utgangspunktet ikkje løyser ut erstatning. Vi har derimot ikkje krevd erstatning, men sagt i detalj kva midlar skulle gå til, fagleg oppfølging osv. Vi ser i første rekkje for oss statlege midlar, ved at ei freding også bør forplikte i høve ansvar og oppfølging. Etter det vi veit ligg ein del freda område inne med øyremerkte løyvingar på statsbudsjettet. Innspelet kan no også koplast til det nemnte punkt 4 i merknaden frå fylkesutvalet i Hordaland frå 19.11.15. Summen kan sikkert diskuterast, men rådmannen gjentek det som låg inne sist, inkl. innspel om Stødle kyrkje. Det med å få fornfunn tilbake til Etne seier HFK at dei ikkje kan vurdere her. Men vi vil tru det kan takast opp i arbeidet med formidling, der også Bergen Museum bør ta del.

F. Grunneigarar som får ekstrakostnader med einskildtiltak, bruksutbygging etc. som følgje av fredinga, må få kompensasjon for dette. Styresmaktene må leggje opp til at det offentlege virkemiddelapparatet tek høgde for slike kostnader.

Kommentar: Det er viktig at informasjon om kompenseringar for berørte partar er omtalt i sluttdokumentet for fredinga. Her er det HFK svarar på spørsmålet: *Den daglege drifta på Stødleterrassen skal ikkje verte dyrare grunna fredinga. Det er heller ikkje automatisk grunnlag for kompensasjon som følgje av freding etter kulturminnelova § 19. Dersom det ved søknad om dispensasjon vert stilt antikvariske krav frå kulturminnemynde som fordyrar tiltaket skal tiltakshavar ha rett på kompensasjon, normalt minst 50 % av ekstrakostnad.*

Kommentarar til dei 3 nye punkta i tilrådinga, 2 G-I:

G. HFK skriv om vidare saksgang at dei 21 høyringsuttalane frå 2010 ikkje blir referert eller kommentert i saka no, «sidan det føreliggande, reviderte fredingsforslaget formelt sett erstattar det som var på høyring i 2010». Vi blir då usikker på om HFK heller ikkje vil leggje desse dokumenta ved i oversendinga til Riksantikvaren.

Kommentar: Rådmannen meiner høyringsdokumenta frå 2010/2011 må leggjast ved i oversendinga til Riksantikvaren. Mange av uttalane har framleis relevans, sjølv om

avsenderane ikkje gjentok innspela eller uttalte seg til redusert areal i 2015. Minst 3 av dei større grunneigarane uttalte seg negativt om freding generelt i 2010 og ligg framleis innafør det reduserte arealet. Fleire viktige næringsaktørar gjorde i 2010, men ikkje i 2015, krav på og argumenterte for ei utgreiing av verknadane av freding for andre samfunnsinteresser, jf. vårt pkt. 2 C. Kommunen har ikkje lagt opp til at saksutgreiingar skulle erstatte den som kom tidlegare, men kome i tillegg/bygge vidare i høve til moment og argumentasjon. T.d. er spørsmålet om heimelsgrunnlag til kulturminnelova § 19 (og § 20) mest utgreidd i saka i 2011, jf. faglitteraturen vi viste til. Dette bør Riksantikvaren få sjå gjennom. Vidare så fortel tidlegare uttalar og saksdokument Riksantikvaren noko om fredingsprosessen, lokal medverknad, referansegruppa (som etter det vi veit ikkje har vore aktiv på mange år), kva for endringer som er gjort undervegs osv. Spørsmål om forvaltnings- og skjøtselplan kan ein hoppe over no, sidan desse er utsett.

H. Grunneigarlista i vedtaksdokumentet er ikkje oppdatert sidan 4. mai 2015. Der er no fleire feil på lista og to nye gards- og bruksnumre oppretta etter delingssaker. Vi har gitt HFK innspel om manglane. Listene må naturlegvis oppdaterast ved seinare høve også.

I. Rådmannen meiner at i ei så viktig sak bør Riksantikvaren kome til Etne før avgjerd blir tatt, for å møte dei involverte og sjå nærare på planområdet.

HFK kommenterer i vedlegget også delar av saksutgreiinga vår frå 2012. Noko av dette er omtalt foran, og det fører for langt å ta opp andre punkt i tillegg. Vi konsentrerer oss om dei momenta som høyrer til i tilrådinga. Men vi tek med ein kommentar til vårt innspel om at ei liste over fornfunn frå Stødleterrassen burde vore del av kulturminnedokumentasjonen i saka. HFK meiner dette ikkje er eit fagleg krav, at saka er tilstrekkeleg utgreidd og at funna alt er publisert i diverse faglitteratur og er tilgjengeleg i Bergen Museum sine arkiv. Rådmannen meiner det likevel hadde vore føremålstenleg at dette hadde følgt saka; fornfunna er ein viktig del av kulturhistoria og heilskapen i området, og dei seier noko om funnpotensialet (jf. del av føremålet med freding). HFK burde ha nytta høve til å spreie kunnskap om desse funna no, til berørte partar, lokalsamfunnet o.a., og ikkje la det vere opp til kvar og ein av oss å leite det fram. Mange er kanskje ikkje klar over kva funn som er gjort og mengden og verdien av dette.

Vi har nemnt ein del av dei andre høyringsinnspela undervegs i saka. Nokre delinnspel er sams for fleire av avsenderane, og mange er fanga opp av kommunen si sak. Nokre moment gjeld forvaltningsplan, som ikkje er del av saka no. Det fører for langt å gå ytterlegare inn på kva einskild uttale, og Riksantikvaren må i alle høve vurdere innspela. Men vi tek med uttalen til fylkesutvalet i Hordaland. Om bakgrunnen for fredingssaka seier HFK, med henvising til reguleringsplanen på Sørheim i 2000 (der fylkesutvalet støtta planane om massetak): «*Ved handsaminga av reguleringsplanen bad fylkesutvalet i Hordaland 7. desember 2000 om at det vart sett i gang arbeid for å sikra eit område på Stødleterrassen etter kulturminnelova*». Fylkesutvalet er no høyringspart og er negative til freding. Dette er eit viktig innspel, så vi klipper inn heile vedtaket under her. Pkt. 4 er vist til tidlegare i saka, og HFK seier dei vil følge opp innspelet. Som vedtaket syner er det ikkje avhengig av fredingssaka, så dette arbeidet bør starte opp så snart som mogleg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 19.11.2015. Vedtak.

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterrassen etter kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan- og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.
4. Fylkesutvalet ber om at Etne kommune vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med Universitetet i Bergen og muséet, lokale styresmakter og grunneigarar. Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeidet.

Ein liten ting til: Riksantikvaren oppretta i 2016 registeret: *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, der Etnebygda inkl. Stødleterrassen inngår, sjå kart nedanfor. Vi klipper inn føringane som blir gitt for området, s. 21 på linken:

<https://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-KULA>

Sårbarheit og retningsliner for forvaltning.

Landskapet er sårbart for masseuttak og for nybygging som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag. Åssidene er sårbare for store bygg og inngrep som kan truge leselegheita til den historiske jordbruksbygda. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generell føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det. I den vidare utviklinga av Etne sentrum bør ein ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane m.a. med gode langsiktige grenser mellom byggeområde og jordbruksareal.



Ei slik omsynssone c) som blir nemnt for Etnebygda vil ikkje gi tilstrekkeleg sikring av Stødleterrassen, men kan kome i tillegg som ei ekstra sikring og merksemd på området. Omsynssoner for Stødleterrassen må utformast saman med kulturminnestyresmaktene og andre berørte. Der vil kome føringar om at landskapet skal takast i vare og kulturmiljøet sikrast mot inngrep, vidare må seiast noko om t.d. reglar for sakshandsaming, inkl. krav til høyring hos kulturminnestyresmaktene. Kulturminnestyresmaktene vil ha klageadgang i

saker og moglegheit til å stoppe uønska tiltak. Som nemnt meiner vi primært at virkemidla i plan- og bygningslova bør kunne gi tilstrekkeleg sikring for kulturmiljøet på Stødleterrassen, alternativt bør fredingsarealet reduserast ytterlegare i høve til HFK sitt framlegg, jf. vårt innspel om eit redusert areal, og utan dei største gardstuna inkludert.

Sluttkommentar: Dette har vore ei tidkrevjande og utfordrande sak over 13 år, med mykje historikk, møte, saksdokument og fagleg innhald. Det er lett å trø feil når saker blir såpass omfattande, og når utgangspunkt er lovparagrafar vi ikkje arbeider med til dagleg. På same tid er dette ei viktig sak med verknadar for mange, så vi har gitt ho tilsvarande prioritet. Utover dette føler ikkje rådmannen behov for ei omfattande oppsummering no, i tillegg til det som alt er skreve. Vi ser at mykje av oppsummeringa frå saka i 2012 (under Vurdering) framleis dekker mykje, så vi syner også til denne. Noko har endra seg eller er svart opp sidan den gang, men hovudbodskapet kjem framleis fram.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.03.2018	Forslag til freding etter kulturminnelova § 19 til handsaming i Etne kommunestyre	1389763
01.03.2018	2-Forslag om freding etter kulturminnelova - ^o 19. St+©dleterrassen. Etne kommune.	1389764
01.03.2018	4-Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova - ^o 19. Etne kommune. St+©dleterrassen. Etne kommune.	1389766
26.03.2018	Merknadsgjennomgang - varsel om freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19 - rett vedlegg	1391384
04.06.2015	Stødleterrassen kulturminnedokumentasjon.PDF	1330363
07.09.2018	2012. STØDLETERRASSEN. FREDINGSSAK 2.GANGSHANDSAMING I ETNE KOMMUNE.	1401020
07.09.2018	2011.....STØDLETERRASSEN. FRAMLEGG TIL FREDING ETTER KULTURMINNELOVA. 1. GANGS HØYRINGSUTTALE	1401021
07.09.2018	2005 VERN AV AREAL PÅ STØDLE AUSTERHEIM SØRHEIM	1401022

Saksgang:

Formannskap
Kommunestyre

Utskrift til: hfk@hfk.no